

# FITJAR KÝRKJEBBLAD

Nr 2  
APRIL 2017  
ÅRGANG 40



FITJAR KÝRKJE  
150 ÅR





Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825

[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Fríðleif 471 76 743

[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069

[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog:

Fyllingen, Silje 456 11 480

[sfyl@fitjar.kommune.no](mailto:sfyl@fitjar.kommune.no)

Kyrketenor/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Brenne, Birgitte 971 29 569

[bibr@fitjar.kommune.no](mailto:bibr@fitjar.kommune.no)

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00

[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet  
(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

## Redaksjonelt



# Frelse - ein saga blott?

Dei fleste menneske her i landet kan fint leve eit godt liv utan Gud. Mange av oss har det godt materialistisk sett. Vi treng difor ikkje bekymra oss for framtida. Du og eg blir sjølvsikre og stoler meir og meir på egne evner og ferdigheter. Vi står i fare for å ta alt vi får og har for gitt.



### Friðleif Lydersen

I ytste konsekvens kan du og eg og stå i fare for å ta Guds frelse for gitt. I den seinare tid har det vore mykje fokus retta mot frelse og fortaping. Fortapinga står for fall. Frelse for alle vinner terreng. Ein særslig ubibelsk utvikling slik eg forstår Bibelen. Da kan du spørje: Har du grunnlag for å si noko sånt? Ja, det meiner eg at eg har og viser til den vesle Bibel.

I den vesle BIBEL står det:

*For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje går fortapt, men har evig liv. Joh. 3,16*

Den logiske slutninga av dette er ikkje vanskeleg å skjøna. Den som trur blir frelst mens den som ikkje trur går fortapt. Man kan slik eg ser det ikkje bortforklara at fortapinga, sjølv om man har lyst til at alle skal bli frelst.

Jesus kunne berre halde seg opp i himmelen om fortapinga ikkje var verkeleg, men Gud sende han til verda fordi vi har bruk for frelse frå synd og død. Jesus sitt liv, død og oppstode hadde vore overflødig om alle menneske automatisk blei frelst.

*Gå inn gjennom den trone porten! For vid er porten og brei er vegen som fører til fortaping, og mange er dei som går inn gjennom den. Men tron er den porten og smal er den vegen som fører til livet, og få er dei som finn han. Matt. 7,13-14*

Jesus snakkar her i klartekst om frelse og fortaping. Det er umogleg å misforstå kva han meiner når det er snakk om livets to utgangar. Jesus seier ikkje noko om at det er lettare for nokon enn for andre å koma seg til himmelen.

Jesus inviterer alle til himmelen. Alle har same moglegheit til å koma seg til himmelen. Tru er nøkkelordet for å koma til himmelen. Trua på Jesus som Guds son og verdas frelsar er det gir evig liv. Vi kan ikkje ta frelsa og nåden for gitt. Den einskilde må vere i sin dåpsakt for å få ein plass i himmelen. Vi må dagleg seia ja til Jesus og følgja ham.

Frelse og fortaping er ikkje ein saga blott.

God påske!



# Konfirmantoversikt

## Laurdag 13. mai kl. 11:00

Celine Marie Borup  
 Jens Grønås Bukkøy  
 Nikolai Ahrens Halleråker  
 Berner Haukeland  
 Jens Øien Kloster  
 Silje Marie Særvold Kloster  
 Brita Helen Larsen  
 Sara Klaudia Magdzinska  
 Jonas Torvund Midtsæter  
 Jone Nysæther  
 Jakob Rolfsnes  
 Mats Olsen Vik

## Laurdag 13. mai kl. 13:00

Adrian Bod Fyske  
 Lena Grimen  
 Josef Helland  
 Sofie Kotunan Hjelmen  
 Deivid Daniel Kobanovs  
 Marthe Nordbustad Koløen  
 Alice Rose Mehammer  
 Johannes Sandvik  
 Anna Louisa Seddon  
 Sunniva Seivåg-Hauge  
 Thea Træet  
 Olga Vestbøstad

## Søndag 14. mai kl. 11:00

Kristoffer Arnold Koløen Hansen  
 Mari Hatlevik  
 Martine Pedersen Korsvik  
 Viktoria Strand Korsnes  
 Anders Koløen Lønning  
 Ole Koløen Lønning  
 Caroline Victoria Høgøy Nilsen  
 Leander Wilhelmsen Reigstad  
 Iselin Gloppen Rimmereid  
 Kristian Træet  
 Rebekka Hrafnisdottir Tverborgvik  
 Malin Vik  
 Tor Håkon Aarbø



Foto: Anne Hardeland



## VÅREN

*Når jeg ser våren komme på ny  
 vet jeg at du Jesus skaper noe nytt  
 inne i menneskenes hjerte*

*Når jeg kjenner den  
 kalde vinden fra vinteren  
 gå over til en varm vårvind  
 ser jeg menneskene mykner opp  
 og gir mer av seg selv*

*Og når jeg ser blomstene  
 begynner å skyte knopp  
 da ser jeg hva Jesus har gitt til oss*

*Han har gitt oss naturen  
 med alle sine vakre farger  
 som et bilde på hvor høyt han elsker oss  
 og han ønsker at vi skal leve  
 i fellesskap med ham  
 og med hverandre*

Linda Iren Øvergård Straumsnes

### "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset  
 Postboks 10, 5418 Fitjar

### Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)  
 Friðleif Lydersen  
 Karvel Strømme  
 Anne Hardeland  
 Rolf-Atle Rolfsnes  
 Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 2. juni til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 14. juni Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

**Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

# Tusen hjarteleg takk!



Foto: Torbjørn Hovland

**Orgelet vart skikkeleg teke imot og innsett på Fitjar. Etter lunsjkonserten midt på dagen torsdag 30. mars var orgelfestveka til endes. I lunsjkonserten høyrdे vi ulike verk for orgel. Kantor Jan Overweg understreka i velkomsten at om vi høyrdē feil så var dei menneskelege, for orgelet er utruleg godt. Vi høyrdē ikkje nemneverdige menneskelege feil heller og kan slå fast at kantoren også er utruleg god.**

*Olav J. Oma*

Adjektiva strekk mest ikkje til lengre, men eit storarbeid av dei sjeldne var då ført til endes. No såg og høyrtē vi frukta av den store dugnaden som tok til i haust.

Vi såg resultatet av kommunen si orgelløyving, av alle gåvene som er samla inn og som enno kjem, både

frå bedrifter og frå private. Ein stor velvilje har møtt dette prosjektet overalt etter at det tok fart.

Dugnadsgjengen og diverse bidragsytarar vart inviterte til ein «tjuvstart» på orgelfesten då det vart arrangert dugnadsfest 13. mars. Først var vi i kyrkja på ei enkel samling og fekk høyre orgelet, etterpå fekk vi som gāvē utanfrå middag på hotellet. Frå kyrkja fekk alle kvar si orgelpipeaksje i det nye orgelet, og stor takksemد.

På søndag 26. vart orgelet innvigd med bøn og salmesong i gudstene sta, og etterpå vart det arrangert kyrkjelydsfest med middag for heile kyrkjelyden, og denne gongen var det nye gjevarar. Middagen smakte fortreffeleg, og fint hadde ein ny dugnadsgjeng rydda og gjort i stand for oss.

Måndagen var det innviingskonsert ved domkantor Sigurd Melvær Øgaard, ein flott konsert som viste mange av instrumentet sine sider.

Tysdagen var det ein stor songkveld, der kyrkjekoret, Osternes mannskor og Kammerkoret var med. Kora song både enkeltvis og saman. Og for oss som var med var dette ei stor oppleving, som freistar til gjentaking.

Onsdag var det kulturskulekonsert med ulike innslag frå kulturskulen og skulekorpsset. Det er blitt mykje betre akustikk i kyrkja til stor glede for songarar og instrumentalistar.

Etter lunsjkonserten torsdag hadde 930 menneske vore med på dei ulike tiltaka denne festveka. 50.000 kroner var samla inn til orgelprosjektet, og vi var klar for ei kvild!

# «Då pipa fekk ein annan lyd»



Foto: Silje Fyllingen

Pipeorgelet er eit svært gammalt instrument som har røter tilbake til antikkens Hellas, om lag 250 år før Kristus. Det har sidan vore ei kontinuerleg utvikling i konstruksjonsmåte og storleik.

*Torbjørn Hovland*

Orgelpiper vert framleis målte i fot, og dei største i det nye orgelet er heile 16 fot høge.

Instrumentet veg over 5 tonn, har 1368 piper, 24 stemmer og Ålems orgelverkstad i Sverige har brukt om lag eit år på å lage det. Heile galleriet er også ombygd for gje betre plass til den store konstruksjonen. Dette er gjort på ein svært smakfull måte, og visuelt har orgelprosjektet gjeve kyrka eit merkbart interiørmessig løft som smelter harmonisk saman det øvrige rommet.

Fleire tiltak er gjort for å forbetra akustikken, mellom anna er baksida i kyrkjebenkene forandra.

Ei slik optimalisering vil også gagne alle andre former for instrumental og vokal framføring i kyrkjerommet. Med så mykje planlegging, dugnadsinnsats og orgelekspertise på høgaste nivå, var det lov å ha høge forventningar. Og sanneleg vart dei innfridde.

Det nye orgelet har eit mykke opnare og meir detaljert lydbilete. Små detaljar i komposisjonen openberrar seg på ein heil annan måte, som om ein har fjerna eit tjukt forheng til musikken. Og i dei nedre oktavane er det merkbart meir kraft og autoritet enn før.

Igjen vil eg på vegne av kyrkja, stab, sokneråd og fellesråd sei tu-sen hjarteleg takk til kvar einskild som på ulikt vis har bidrøge på vegen.

Tusen hjarteleg takk!



Ein dyktig organist har såleis eit mykke betre verktøy til å formidla nyansar i klangbiletet i komplekse orgelverk eller vare kjensler i den rike salmeskatten.

Så er me også heldige å ha ein virtuos kantor som kan frigjere potensialet i orgelet. Ein smilande Jan Overweg har til fulle fått demonstrert sine eigne og instrumentet sine kvalitetar i ei særdeles travel og fargerik veke full av feiring, musikk og jublende orgelbrus.

Når både Fitjar kyrkje og reformasjonen har jubileumsår, kan det høve med eit sitat av Martin Luther: «Musikken skal bidra til å forsterke lekfolket si deltaking og oppleveling av fellesskap i gudstestnesten og slik sikra deira involving og styrka samkjensla mellom deltakarane. Den som syng i fellesskap, ber kraftigare». Og slik sett er det nye orgelet meir enn berre eit instrument.




Foto: Torbjørn Hovland



# Mali - Fitjar kyrkjelyd sitt nye misjonsprosjekt

# MALI



**Fitjar kyrkjelyd har i vår skreve misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og har valt å støtta NMS sitt arbeid i Mali.**

Helga Rimmereid

Mali er eit ørkenland i Vest-Afrika med ei mangfaldig kulturell historie. Landet er eit av dei fattigaste landa i verda og halvparten av befolkninga lever under fattigdomsgrensa. Dei siste åra har Mali vore prega av krig og uro.

Det er nesten 20 millionar menneske i Mali. 90 % av befolkninga er muslimar og berre 2,4 % er kristne. Ca 3 millionar av innbyggjarane i Mali hører til folkegruppa Fulani. Fulanierane er eit nomadefolk med ein sterk muslimsk tradisjon. Av fulanierane i Mali er det berre eit par hundre som er kristne og NMS ynskjer

å nå denne folkegruppa med evangeliet om Jesus. Misjonærane brukar mykje tid på å byggja relasjoner til einskildmenneske for å skapa tillit og respekt, og dei opplever at mange gjerne vil læra meir om Jesus. Vidare driv dei evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeid og dei jobbar med å oversetja Bibelen til fulani. Det nye testamentet er ferdig oversatt og dei jobbar no med det gamle testamentet.

NMS har også engasjert seg i arbeidet mot omskjerding (kjønnslemlesting) og skader knytta til fødsel. Her samarbeider dei med lokale helsearbeidarar og mangeårig og målrettat arbeid har gjeve gode resultat.

*“Slik lyset eksisterer ved å brenne, slik eksisterer kirken ved å være misjonerende*

Emil Brunner  
(tysk teolog)

MNS bidreg og med utdanningsstipend og leksehjelp for dei som tilhører kyrkja.

Saman med NMS vil me i Fitjar jobba for å kjempe mot urett, jobba for å utrydda fattigdom og å dela trua på Jesus blant fulanierane i Mali.

På Fitjar er det oppretta ei nemnd som skal ha ansvar for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Nemnda består av: Tordis Eide, Solfrid Sandvik, Gunnvald Aarbø (soknerådsrepresentant) Helga Rimmereid (leiar).

Nest kollekt til misjonsprosjektet vert 1. påskedag, og då kan DU få vera med å støtta arbeidet i Mali.



# Tårnagentar 2017

**Det er utrulig kjekt å sjå at det å vere agent i kyrkja, det er like stas kvart år.**  
**Denne gongen var vi 16 agentar i kyrkja laurdag 11. mars.**

Silje Fyllingen

Vi løyste mysterium, fann skattar både i Bibelen og i kyrkja, vi var på oppdagingsferd og vi åt agentmat. Alt var hemmeleg , mystisk og veldig spennande.

Søndagen fekk dei kjekke agentane vere med å gjere gudstenesta til ei flott stund for både store og små. Dei fekk med seg ei gave frå oss i kyrkja og dei blei utsend med eit oppdrag:

«Gjer noko fint for nokon, i veka som kjem».



## Om gravplassen

I det siste har mange leika Pokemon Go på gravplassen. Det blir hoppa bukk over gravstøtter, sprunge over gravplassen og klatra på kyrkjegardsmuren. Ein skal ha respekt for ein gravplass. Ein gravplass er ein minnestad for dei døde og deira pårørande.

### Kyrkjeverje Harald Rydland

Det er leit for pårørande når blomar og anna pynt blir trakka på og øydelagd. Å bruka gravplassen som leikeplass kan og vere farlig om ein veltar ei gravstøtte.

I staden for å leike Pokemon GO på gravplassen vil vi oppmoda til å bruke mobilen til finne gravane til oldeforeldra, tippoldeforeldre og andre slektningar. Det heng eit skilt ved porten som viser korleis ein finn fram til ei grav ved hjelp av mobilen.

Vi vil oppmoda om å ikkje bruка gravplassen til leikeplass.

## Barnas Påskefest

I år feirar vi barnas påskefest, den 23. april. På gudstenesta vert det song av Barnegospel, utdeling av bok og hemmeleg klubb for førskulebarna. Etter gudstenesta er dei som blir 6 år i år invitert til middag og kake i kyrkja, saman med familiene sine.

For spørsmål og/eller påmelding, send e-post til [frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no), tlf. 471 76 743  
**FRIST: 20. april**



Foto: Anne Hardeland



## «Veien hjem»

Den 23. februar fekk me besøk av Egil Svartdahl. Den landskjente TV-pastoren har i ei lang årrekke laga seriar som Gudesens Conditori, Søndagsåpent, Pastor på prøve, og serien «Veien hjem» som framleis går på TV2.

Torbjørn Hovland

Egil har ei eineståande evne til presentera dei store og fundamentale spørsmålå på ein lettfat-teleg måte, med varme og mykje humor. Sjølv om temaet inkluderer dødsens alvor, vart det likevel ledd uvanleg mykje i kyrkja denne kvelden.

Til alle tider har menneska vore opptekne av det same, uansett alder, rase eller livssyn:

Kvar kjem du frå, kven reiser du saman med, kva slags bagasje har du, og ikkje minst; Kvar endar

livsreisa di? I ei oppja-ga tid med tidsklemme, hundrevis av TV-kanalar, millionar av internetsider og eit komplisert samfunn i rask end-

ring, vert me presenterte for eit flimmer av svar på desse eksistensielle spørsmålå. Og sjølv i den Norske Kyrkja er det ulike oppfatninga på fleire felt.

For å illustrere temaet for kvelden, viste Egil Svartdahl oss sterke klipp frå programminnslag med kjende personar som Gerd Liv Valla, Inger Lise Rypdal, Helene Rask og Per Fugelli. Desse har med ulik bak-



grunn og på ulik måte kjempa med tru og tvil. TV-pastoren maktar å avdekka nye sider og djupner i menneska han møter, og med innleving og empati får han fram sterke historier som synleggjer fasar og vegvalg i livsvandringa.

Så etter ein kveld med rettleiing for «Veien hjem» får me også håpa at Egil Svartdahl snart finn vegen tilbake til Fitjar.



## Glimt fra Helgatun



For 12. gong var kyrkjelyden på tur til Helgatun. Igjen nytte vi å gå til duk og dekka bord, godt fellesskap og gode samvær. Då eg sa at det var meldt därleg ver, fekk eg til svar av ein av deltakarane: då vert køane kortare. Folk koste seg, og neste år har vi bestilt leirplassen 16. - 18. februar.





# Program for bedehusa

## FITJAR BEDEHUS

- |            |       |  |
|------------|-------|--|
| 13.04.     | 19.30 | Nattverdsmøte                                      |
| 16.04.     | 19.30 | Søndagsmøte m/forbøn                               |
| 20.-23.04. |       | Møteveke Kristen Muslimmisjon                      |
| 25.04.     | 18.00 | Vårbasar Fitjar bedehus                            |
| 30.04.     | 19.30 | Søndagsmøte  |
| 07.05.     | 19.30 | Søndagsmøte  |
| 17.05.     | 17.00 | 17. mai-fest                                       |
| 21.05.     | 17.00 | Storsamling v/Marit Ådnanes                        |
| 25.05.     | 11.00 | Venestemne v/Roald Evensen<br>og Fridleif Lydersen |
| 28.05.     | 19.30 | Søndagsmøte m/forbøn                               |

Sjå også [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)



Her er bibelen som Gunnar Aarbø har laga til bruk i trusopplæringa.

Ein stor bibel med rom og skuffer i som kan vera med og illustrera korleis bibelen er ei samling av mange bøker. 39 i det gamle testamentet og 27 i det nye.

Takk til Gunnar for arbeidet.

## OSTERNES BEDEHUS

- |        |  |             |
|--------|--|-------------|
| 21.04. |  | Vyborgkveld |
|--------|--|-------------|

## STRANDA BEDEHUS

- |        |       |  |
|--------|-------|--|
| 22.04. | 16.00 | Basar for NMS<br>Song og tale: Håkon C. Hartvedt |
|--------|-------|--|

## Sommarjobb på kyrkjegården

Me treng sommarvikarar på kyrkjegården i tida 12. juni -20. august. Den som vert tilsett må vera over 16 år og snakka norsk.

Interesserte kan senda søknad til: [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no) innan 25. april.

Ta med i søkeraden kva tid du har høve til å arbeide gjennom sommaren.

Meir informasjon er å få hos kyrkjeverje Harald Rydland, tlf. 913 47 802



## Temakveldar i Fitjar kyrkje 2017

## Diakonitur for folk i alle aldrar

### Torsdag 08. juni. reiser vi til Austevoll.

Vi skal ha ein liten andaktsstund på turen.  
Vi skal eta middag og dessert, inkl. kaffi/te på Bekkjarvik Gjestgiveri.

Pris for turen er 500,-. Alle får giro.

Avreise frå «Teo» kl. 10:00.

Vi tenkjer å vera heime att seinast kl. 17:00.

Frist for påmelding **måndag 15. mai kl. 15:00**  
til kundetorget i kommunen 53 45 85 00.

Diakoninemnda



**27.april kl. 19.30**

Sylfest Lomheim

Kyrkjespråk. Høgtid eller kvardag?



**13.oktober kl. 21.00**

Konsert med Skruk



**10.august kl. 19.30**

Konsert med Sigrid Moldestad

Fitjarfestivalen i samarbeid  
med temakveldgruppa



**26.oktober kl. 19.30**

Johanne Ø. Tvedten,  
Ole Jørgen Furdal og  
Fred Ola Bjørnstad

"Misjonsliv"



**31.august kl. 19.30**

Oskar Stein  
Bjørlykke

"Stjerneskot og  
minneglimt"



**30.november  
kl. 19.30**

Ingvard  
Wilhelmsen,  
Rhoda Achienget  
og Irene Simonsen

"Vi står sterkest når vi står  
alene. Om nåde og  
selvbilde"



**28.sept. kl. 19.30**

Geir Gunderson

"Om å bera symptomata sine  
med verdighet"



arr.: temakveldgruppa/  
soknerådet

**EL-PROFFEN**

[www.los-elektro.no](http://www.los-elektro.no)  
**firmapost@los-elektro.no**  
**53 42 21 00**

**GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar  
  
**EURONICS**  
**fagmøbler**

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.  
**53 49 73 07**  
**53 49 73 09**  
[www.rydland.no](http://www.rydland.no)  
**post@rydland.no**

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.leditime.no](http://www.leditime.no)

**OPNINGSTIDER:**

Man-tys-fre: ..... 9-16  
 Ons-tor: ..... 9-18  
 Laurdag: ..... 10-14

**Tlf. 53 49 79 72**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

**TLF:**  
**916 46 123**

**SJÖTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
**919 11 800**



Mobilnr:  
**975 02381**

**PORT  
STEINGARD**

Port Steingard AS  
 v/Johs Sandvik  
 Postboks 11, 5418 FITJAR  
 Telefon 916 67961



Fitjar  
 Bygdekinnelag



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
**Internett: www.mestervindu.no**



**Din Catering leverandør**

Telefon:  
**41 42 80 38 (Randi)**  
 E-post:  
**fitjarcamping@haugnett.no**

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

**joker**  
 – Rydland **53 49 74 40**



**OPNINGSTIDER**  
 Mån,tirs,fre..... 9-16  
 Ons,tors..... 9-18  
 Laur (kun drop-in).. 10-13

*Fiks  
hos oss!*

Treff oss i 2. etg.  
 i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

**90 12 02 81**

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



**Engesund**  
**Fiskeoppdrett**

Vinslungsenter

Mobilnr: 951 89950

**Fitjar Posten**

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**Husflidskrona**

**Tlf: 53 49 79 60**



53 45 72 00

\*  
53457220  
(fax)

**Fitjar Mekaniske Verksted AS**

**SPAR**



**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**Engevik &  
Tislevoll a.s.**

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPENOR - 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45



Mekonomen Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



**SparebankenVest**  
-satsar på Vestlandet

**Avd. Fitjar – Tlf. 0555**



**Syng med oss !**

**OSTERNES MANNSKOR**



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



**KVERNENES  
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalvete 27, 5419 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, baathygg@kvernenesbaat.no



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen  
Kiosk**



Vågen's kro  
og catering



48 04 19 09

**REMA 1000**  
bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Fitjarsjøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlischipdesign.com

**Galleri  
Flora as**

Opningsstider:

Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30

Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00

Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner



# Slekters gang

## Døypte:

26.02.  
Emelia Bergesen Skålevik

05.03.  
Ingeborg Sofie Vikestad

12.03.  
Liam Olander Musland Andersen,  
Uskedal kyrkje

19.03.  
William Sævdal Grimen  
Trine Vaka Nerhus  
Jonas Eriksen Aga

## Vigde:

08.04.  
Torhild Hovstad og  
Kristian Skumsnes

## Jordfeste:

Anna Helland  
*f: 29.01.1927 d: 28.02.2017*

Sigurd Muri Slettebø  
*f: 17.03.1989 d: 28.02.2017*

*Stord kyrkje*

## Jubileumsboka

Kan kjøpast hos Thea Træet  
Pris: kr 400,-



# Gudstenesteliste

Tor.	13.04.	11.00	Skjærtorsdag, nattverdsgudsteneste, ved Olav J. Oma, takkoffer til Kirkens SOS.
		18.00	Skjærtorsdag, Øvrebygda bedehus, nattverdsgudsteneste, ved Olav J. Oma, takkoffer til Øvrebygda bedehus
Fre.	14.04.	11.00	Langfredag, gudsteneste ved Fridleif Lydersen
Søn.	16.04.	11.00	Påskedag, høgtidsgudsteneste, ved Fridleif Lydersen og Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, NMS i Mali.
Mån.	17.04.	11.00	2. påskedag, Dåfjorden Slipp, ta med varme klede, takkoffer til Dåfjorden bedehus
Søn.	23.04.	11.00	2. søndag i påsketida, familiegudsteneste, Bornas påskedag, med Fitjar barnegospel og Fridleif Lydersen, takkoffer til barnegospel
Søn.	30.04.	11.00	3. sip, høgmesse ved Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelydsprest
Tor.	04.05.	20.00	Kveldsbøn
Søn.	07.05.	11.00	4. sip, høgmesse ved Olav J. Oma, takkoffer til Norsk Gideon
Ons.	10.05.	18.00	Samtalegudsteneste ved Fridleif Lydersen og Olav J. Oma
Lau.	13.05.	11.00	Konfirmasjonsgudstenste ved Fridleif Lydersen og Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt barne og ungdomsarbeid/KN
		13.00	Konfirmasjonsgudstenste ved Fridleif Lydersen og Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt barne og ungdomsarbeid/KN
Søn.	14.05.	11.00	5. sip, konfirmasjonsgudstenste ved Fridleif Lydersen og Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt barne og ungdomsarbeid/KN
Ons.	17.05.	11.00	Gudsteneste ved Fridleif Lydersen, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Søn.	21.05.	11.00	6. sip, høgmesse ved Olav J. Oma, takkoffer til Kirkens bymisjon
Tor.	25.05.	11.00/13.30	Helgetorsdag, Venestemne på Fitjar bedehus, talarar Roald Evensen og Fridleif Lydersen
Søn.	28.05.	11.00	Søndag før pinse, historisk gudsteneste, ved Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Søn.	04.06.	11.00	Pinsedag, høgtidsgudsteneste, ved Fridleif Lydersen og Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, NMS i Mali.
Mån.	05.06.	12.00	2. pinsedag, friluftsgudsteneste, ved Fridleif Lydersen
Søn.	11.06.	11.00	Treeinigsøndag, Stranda bedehus, ved Olav J. Oma, takkoffer til Stranda bedehus